

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Uvdal

Emne: Maaltider og Ma Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim(Grøtjorden)

(adresse): Uvdal i Numedal

G.nr. 61 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røinsle og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Gunhild Brekke 75 aar Uvdal.

## SVAR

Detta eg her skriv om maa reknasbondemiljo. Uvdølingan har fraa begynnelsen av det 19de aarhondre og vonleg lenje før vore eit utfartsfolk. Det er mest handel dei har sleje ut paa I 1820 te 50 aara drog bondeguta i massevis til Sverige paa skreppehandel, og naar dei so hadde faat seg til noko peng drog dei heimatt o kjøpte farsgarden I 1840 aara var det eit veldig amerikafeber, dei som ikkje drog dit reisre til Norfjor, Sønfjor, Romsdalstrakterne paa skreppehandel, fe og hestehandel. Ved Aarhondresjifte var det Norland og Finnmark som sto for tur, Dei fleste som drog dit vart dero som forretningsfolk, so tok Uvdalsgutan til med o gaa paa militærskule o framfør alt ha det ganje ut adskillig over 60 skulelærera o lærerinner fraa de vesle bygde som berre ha ca. 1200- inbyggjera. Ein stor del av dessa utflytteran kom heimat aa slog seg ned som gardbrukera, nesten alle skreppekremmeran vart gardbrukera dei tok med seg ymse skikkar baade i mat o drikke, so ein kan si aat det er utvandrarfolka som har hat mest inflytelse paa baade forandringar i levesett o skikkar.

Eg vil gjera merksam paa aat etter svarte dauen-daa bygda vart avfolka paa soner som eitpar mennisju-so var det fraa Hardanger o vestlande ellers bygde

4971

2.

vart befolka, me ska etter dei lerdes utsagn høire til kort-skallerne , mens Numedal utate fraa Kongsberg o laangt up-  
pi Nore ska høire til langskallerne . Aarsaken er lett o ~~f~~  
sjønne for terenge miljom Uvdal og Ytre nore er slik , at  
før vægen kom vilde det vore platt umaugeleg aa kome fram  
med reidskap som ein kona frakte folk paa. Folketypa t.d.  
i Uvdal o Flesberg o Svenne er te dags dato so ulike , at  
sjøl me lægfolk kan forstaa aat det ingen skyldskap er .  
Matskikka fraa prestegara og embetsfolk har <sup>haelt</sup> har mindre in-  
flytelse her , daa slike ~~har~~ budd i Nore. Her har berre  
budd to lensmenna (Böckmann og Schjesvold fraa andre bygda)  
Ja osso far o mor daa fraa sørlande , mor fek no folk her  
te o bruke grønsaker, te stor forskrekkelse for grannekjer-  
rinje kan ( fra 1864 till 1899 livde mør) Daa ho saag at mor  
plukka karvekaal sa ho:" Nei da Samuelskjerrije æ rar , du,  
ho et gras".men mor fek fleire til aa eta gras, lik eins  
fru lensmann Schjesvold ~~lærde~~ folk mykje i matstell, far  
hadde den fyrste grønsakehaje i bygda ( 1863 kom han her)

Auka potetavl har sjølsagt hat ei veldig forandring  
i farvatne , men poteter har kome so lenje sea, at dei som  
leva no berre kan fortelja ha mor ell bestemor viste om daa  
den kom te bygde.

Kaffe var kome til bygdeved 1830- 40, men dei som  
kom me'n veit me ikkje navne paa, antagele var de skreppe-  
kremmeran vore som var i Sverige. Ein mann som var i 20 aars  
alderen ved den tide, (skomaker Töllevsen) drak daa kaffe før  
fyrste gaang, men han viste ikkje høg han skulde faa'n i  
seg osso tok'n likesogodt aa auste n i seg med tesjeie som  
laag paa skaale , men so sa no husend folk ' n fyry paa at  
han skulde drikk'n. I 1860 aara var det ~~bake~~ <sup>smma</sup> av ~~graastein~~  
paa større garder, men den vanlege maaten aa teike brø (   
(ovnsbrø) paa var aa steike dem mellom to takker . I 90  
aara vart det komfyrer , no fra 1948 er det elektriske

ovner og steikeplater. At ikkje det kom før naar me bur berre 9 km. fraa Nore Kraft sjyllas at Uvdølingan sjella kan bli einige om nokonting i ein fart, og at me fek lys o kraft i 48 kan me takke pangesanneringa for, for det vart vedteke at tegna dei aktia i Uvdal Kraftselskap so skulde dei sleppe o sannere dei pengan o alle som vilde ha lys o kraft maatte ta minst ein aktie i lysvekje. <sup>a 100-k.</sup> ~~Dei sam hadde mykje peng sek maange, so det kom inn 170.000,-~~ Landhandlerne har vel hat sin inflydelse paa matsituasjonen. Siste verdenskrig gjorde sitt paa ein maate, for skogsarbeiera vart so avhengige av poteter at dei lærde noko dei mikkje hadde hat greie paa før. Dei tok poteter med seg tilskogs og lot dem ligge steintæla ogsaa la de dem i vatten som koka og daa vart det ikkje sstsmak i dei. Detta hadde dei ikkje hat greie paa før.

E ha førstae spørjelista slik at de vilde ha greie paa eit aa ana av det eg her ha skrivi, difør kom dena laangeinnledningstala.

### 1. 2. 3.

I eldre tier, o no, ha dei nok likemange maaltier ~~maaltier~~, om sommaren i aannetier iallfal bli det fleire maal ell' om vinteren.

Paa sommarstid er det so at slaattekaren ~~er~~ uteved 4-5tia gaar dei ut fastande i "biskestikte" dei kalle, so komaa dei inn at ved 6 tia daa eta dei "bisken" so er dei ut at te kl. 10, daa er det "dugur", so er det gvil ein times tid, so er neste maal meddagen. I kvellsstikte kl. 5 fek dei utbøre te slaattemarkje eit stort "kakubryne" (Matskive) og heimebryjja maltol. Kl. 9 om kvellen var det kvellesmat. Det maale om ettermeddagen vart sløifa om vinteren, ~~for~~ daa aat dei meddagen nær dli ikkje saag o arbei lenger, ved 4-5tie. meddag kalla dei før "ønden", "dei kom inn te "øndss".

4.

I slaktingen fek "bekkjevaskaran" ( Dei kvinfølkje som vaska or tarman) ein go akkvit mens dei helt paa med arbeide der dei hadde slike saker , det høirde forresten med te slaktingen aa ha brennevin paa garden, no er det mest slutt paa baade "bekkjevask" o dramm, dei sy $\zeta$  "gaani " av pergamentpa-pir til blokutv, og "mørkurv" av innmaten er det slutt med god kjøtkurv og . Dei fleste brukte blokurv i pergamentpose.

5.

Meddagen vart rekna før hovedmaaltie baade sommer o vinter.

6.

Dei koka bygmjølsgraut te dugurs , det vart no varm rett . Meddagen var no varm naar dei hadde kjøt o suppe. so ein kan vel si 2 varme maaltier ?

7.

Det var ikkje noko <sup>se</sup><sub>sj</sub>jilt mat te dei førsjellige døg<sub>r</sub> slik som ein no setdet uprekna i bla o bøka, dei tok den maten som høvde ,men dei brukta mykje kjøt baade koka o steik steikt o spikji likeins flesk .

8. Det var ikkje nokon forskjell paa sommar o vinter med den matordninga paa an maate ell' aat dei før lite brukte o ha heimekjyr om sommaren, soleis vart det meir mjølkemat paa vintertid.

9.

Haa tit dei brukte kjøt fisk o sill var ettersom de høvde, sjøfisk fek dei ikkje før, ana ell turfisk , det er fyrist dei seinare aar dei fek fersk sjøfisk. Ørret hadde dei nok men fjellørreten vart brukte te raakaafisk owar julemat forreisten var det go salgsvarer fraa dentie byfølk fek smak paa raakaafisk. 10.

Flatbrø vart brukte atve dei fleste slags mat . Te brøsøl ell rommessøl dei kalla vart det brukte te sjølstedig meddagsmat, men saa hadde dei rektig godtik mjølk med ein masse tjekk romme i .

Matseddel for Vinteren i eldre tiåsr.Søndag:

<u>Bisk.</u>	<u>Dugur.</u>	<u>Meddag.</u>	<u>Kvellvær</u>
Smør og flatbrød, gammalost ell ferskost.	Bygmjølsgraut og tyk mjølk, surprim.	Steikt kjøt og flesk.	Ystingsøll med tjuk fleimjølk.

<u>" Mandag.</u>		<u>Kurvæduppe,</u>	<u>Poteter,</u>
Melkevelling, smørt og flatbrød, ost.	Bygmelsgraut sur ell	flatbrød og poteter.	tyk melk, surprim.

<u>Tirsdag.</u>		<u>Kokt kjøt og suppe med potet-</u>	<u>Kalgraut med opkokt</u>
Smør Flatbrød ost.	Bygmelsgraut og tyk melk prøm.	suppe med potet-klubb.	melk.

<u>Onsdag.</u>		<u>Rest av kjøt og suppe. Klub opsteikt</u>	<u>Potter, melk, prim.</u>
Smør og flatbrød, gammalost eller ferskost	Bygmelsgraut tyk melk og prim.	suppe. Klub opsteikt i feit.	melk, prim.

<u>Torsdag.</u>		<u>Ørret, brød, spekekjøt, poteter</u>	<u>"</u>
smør, flatbrød eller potetkake ost.	Bygmelsgraut tyk melk, surprim.	spekekjøt, tyk melk poteter, surprim.	"

<u>Fredag.</u>		<u>Spekekjøt, Poteter og melkepap, skekeflesk, tyk melk, surprim.</u>	<u>"</u>
Flatbrød, smør, ost.	XXXXXXXXXXXXX graut og melk, prim.	Spekekjøt, Poteter og melkepap, skekeflesk, tyk melk, surprim.	"

<u>Lørdag.</u>		<u>Mørkurv, eli leverkurv</u>	<u>Kalgraut og varm melk.</u>
Smør og flatbrød, ost.	Bygmelsgraut sur ell. sotprim	Mørkurv, eli leverkurv	Kalgraut og varm melk.

Det som kallas for "Kurvæduppe" treng vist ei nærmere forklaring. Det var blokurv (pølse) som vart koka. Skinne

vart flekt av og klypt up i smaa beter, altsammen vart lagt upati i det vatne dei hadde koka pølsa i det vart tvildra sundt med ei turu, so vart det hat bygmjøl i og

koka til det vart som ein tjuk graut, so vart det hat feit i ei panne o innhølle steikt i det feite, so vart det ein med flatbrød o poteter atved.

4971

## Matseddel for sommaren i eldre tider.

Bisk	Dugur	meddag	eftasvæl	Kvelsmat
------	-------	--------	----------	----------

Søndag.

Potetkake, Søtprimblande, Kjøt og vart sløifa ystingsøl.  
smør, kokanes suppe, med sødaghvis tene-  
ost. med upskørin potetklubb i ran var burte  
søtost i, smør og brød.

" Smør og flatbrøs,	" Bygmelsgraut,	" Mandag.	" Kakubryne og	" Poteter og sur kjeller-
ost.	sur melk.	Opvarma kjøt øl	øl	melk, blanda med søtprim
		og suppe		og vann.

" Smør og flatbrøs,	" Rest av kjøt, øl og Graut klub opsteikt i feit.	" Kakubryne" ei potetkake.	" Graut med opkokaprimbre blanda med jeitemelk.
ost.	sur melk		

" Smør og brøs,	" Graut, Steikt kjøt og flesk.	" Onsdag.	" kakubryne" Poteter, sur melk, blanda med prim,
ost	(bygg) sur melk.	øl drikke.	øl.

" Smør, flatbrøs, gammalost el alm. surost.	" Graut, sur melk, prim	" Fløtgraut, spekjkjøt, poteter.	" kakubryne" Poteter, sur melk, prim.
---	-------------------------	----------------------------------	---------------------------------------

" Smør, brøs, ost.	" Graut, (bygg) melk	" Fredag.	" kakubryne" Poteter, sur melk, prim.
		Spekkjkjøt og spekeflesk.	øl

" Smør, brøs, (bygmels)	" Graut, (melk)	" Lørdag.	" Poteter, prim
ost.		Risengrynsvelling av jeitemelk, smør og brøs eller spekekurv og poteter.	øl sur melk.

Ja, detta er likesom ei normalliste. Det var sjølsagt variasjoner, der dei hadde heimekjyr brukar dei meir brøsøll, men dei allerflest hadde heimegjeit o daa blanda dei dei den sure kjellarmjølkje som sto i kjellaren med bleng aaver so den ikkje vart so sur, men maange aat den som

den var Den sure blengen som sto aaver mjølkje o bevara den den fråa o bli øilagd vart mykje brukar til drikke når dei

ikkje hadde øl nøkk, var det rektig gilde gardbrukera so traf det nok at dei brygja to ganger om sommarem, men det var no ikkje almindele. Det var mest te aanne dei brygga, o daa var det godt maltsel. Primblande var ein vanleg tyrstedrik. Det var eit stort surprimstykke dei la uppi ein ganske stor trehølk, den stu paa ein krakk nere <sup>ved</sup> ~~døra~~, med ein drikkekop ved sia der jek dei o drak naar dei var tyrste. Det var reint vatn dei slo uppi og naar primblanda vart for tjukk slo dei meir vatn uppi holken-ell "tre spanne"-dei kalla. Folk brukta ikkje dei drak somykje te maten som dei brukte no, dei aat fyrst-so drak dei etterpaa-slik var det baade før o etter kaffen kom i bruk.

Det er ein ting eg maa nevne: Naar dei hadde hadde gvilt ein times tid til dugurs, skulde dei ha ein kaf-fekopp før dei drog ut paa arbeie, daa fek dei berre kandis til, der dei var sparsomme paa maten, men det vart meir og meir i bruk at dei skulde ha smørbrøs til-i dei seinare aar.

Atende til "heimegjeitan." Det var sers vanleg at dei hadde heimegjeita paa ein gard, iallefall der det var gamlefolk paa garden, for dei taala ikkje den sure kjellarmjølkje, det var fast regel aat naar ei føderaads-kontrakt skulde skrivs, so sto det i den, aat føderaads-folka skulde ha heimegjeit, den jekk daa før det meste fritt. Dei rekna ikkje so næie paa ei gjeit, var det skog i ner-heite av garden, so sat føderaadskjerrinje nokon tura om dagen burti skogen med gjeita so ho aat seg mett, seinare laag gjeite mykje paa dørhella aa svav (sov) ho vilde helst væra der folka var, hvis ho ikkje vart jaga fraa ein aaker brydde ho seg lite om den. O fruktrea var det ikkje nokon av, so ho gjorde ikkje noko skae., berre dei tok ho paa rette maatin.

12.

Forskjellen fra matseddelen fra i dag er nok mykje foran-dra. No er det no kaffe om morgon, ette duguren, ette medda-gen, til eftasvæl (Det er slutt paa ølbrygginga) Byggmjøls-graut te dugurds har helle seg. Likeins ~~ølbrygging~~ ølbrygging er det slutt paa. Dei kjøper noko maltol istella, heimebryg dei kan faa paa flasker har dei ikkje sukker nok til. My-kje av den gammeldagse maten er det slutt paa alt er blit meir paa byvis. Maange har gaat paa matskule og lert aa laga bere mat, men om folk er blitt sterkare av det betviler eg.

13. Nationalretten i bygde er nok kjøt no som før.

14.

Nokon mat som nyttas andre steer aa ikkje her veit eg ikkje om. Makrel og kylling et alle med god appetit sosant dei kan faa tak i slikt, likeins all slags sjøfisk har i lang tid vore bruaka. Etter me fek fryseri kan me faa slik mat om somaren og.

15.

Krigen forandra ikkje matsittuasjonen noko sers. Sopp har ikkje vore bruaka noko her. Heller ikkje nyper. Kaffe-tilsettning har me ikkje bruka no etter krigen, men det blir so dyr kaffe no at me maa vel til at med den snart.

Slutt.

"Rimbra" var sotprim upkokka i valn, blanda med melk, hvis dei hadde.

"Flatgraut" var almindeleg byggmjøls-graut med smelta salg helt over. Var mykje bruaka til maddagsmat.